

NORSJØ KAMMERMUSIKKFEST



15.-21. APRIL 2018
5 ÅRS JUBILEUM



FOTO: ANDREAS FADUM HAUSTAD



FOTO: NICOLA LUND



FOTO: SIGNE F. LUKSENGAARD



FOTO: GERARD SPEE

PROGRAM OG ARTISTAR

Programnemnd:
Øyvind Sundsvalen & Martin Ødegaard



HELSING FRÅ ORDFØRARANE



Det er ei glede å ønske alle hjarteleg velkomne til regionen vår, til ei festivalveke med flotte opplevingar i eit møte med både etablerte unge talent og komande stjerner.

Kommunane våre har gjennom mange år samarbeida for å auke kvaliteten på tenestene vi tilbyr innbyggjarane våre. Saman skaper vi profesjonelle fagmiljø, gode tilbud og flotte opplevingar til både fastbuande og tilreisande.

Regionen er ein sterk kultur-region med tradisjonar og levande miljø som gir gode vekstvilkår for unge kunstutøvarar. Norsjø Kam-

mermusikkfest viser nettopp dette.

Vi takkar dei entusiastiske ungdommane som har jobba fram konseptet, eldsjelene som har bore det fram og alle gode krefter som støttar opp. Festivalen viser evne til faglege utfordringar og stor vilje til samarbeid og frivillig dugnadsinnsats, – viktige vilkår for å framstå som ein levande region også kulturelt.

Lukke til med femårsjubileet!

Olav Kasland, ordførar i Bø

Mette Haugholt, ordførar i Sauherad

HELSING FRÅ PROGRAMNEMNDA

Kjære publikum!

Vi er stolte av å ønske velkommen til Norsjø Kammermusikkfest 2018! Dette er det femte året vi lagar festival, og det skal feirast.

Programmet på åpningskonserten i Nes kyrkje vil hovudsakleg bestå av gjnhør frå tidlegare festivalar. De får m.a. høyre bestillingsverket til den første festivalen i 2014, «Myllarguten, Grieg'en osv.» for hardingfele, piano og strykeinstrument av Martin Ødegaard.

I år er det også jubileum for to svært viktige personar for norsk språk og musikk i Noreg; Aasmund Olavsson Vinje og Edvard Grieg. Vi vil vere med å heidle desse kjempene i konserten i Seljord kyrkje. Der får vi høyre F-dur sonaten av Grieg, og utdrag frå «Ferdaminni», eit nytt verk av Martin Ødegaard, basert på «Vinjesongane» til Grieg/Vinje. Kjende romansar som «Våren» og «Ved Rondane» blir bearbeida og vist fram på nye måtar. I «Ferdaminni» blir ofte alle versa frå Vinjes tekstar brukt, det gir lyttaren ein ny

dimensjon til dei kjende songane.

Konserten i Telemarksgalleriet på Notodden vil vi fylle med romantisk musikk av Franz Schubert, Heinrich W. Ernst og Alexander von Zemlinsky.

Vi har med to dyktige klassiske sangarar i år. Desse vil stå for ein stor del av konserten i Skien, og presentere kjende ariar frå operaens verden. Vi vil i år også få oppleve elevar frå musikklinja på Skien vgs, samt eit strykeorkester frå kulturskulane i Skien og Porsgrunn.

På Villa Lunde vil vi presentere Duo Dynamo, vinnaren av Midgardsprisen 2017, vidare eit variert program m.a. Brahms og Haydn. Konserten vert avslutta med Poulencs vakre og heftige klarinettsonate.

Avslutningskonserten i Gullbring blir ein festkonsert for heile familien. Lokale talent får vist seg fram i samspel med festivalartistar. Vidare vil konserten dreie seg hovudsakleg om Mozart. Vi vil presentere ei konsertframsyning der vi lagar vår eigen vri av «Eventyret om Mozart».

MÅNDAG 16. APRIL

Kl. 19.00, Nes kyrkje. «Åpningskonsert – Gjenklang»

Opningshelsing v/ stortingsrepresentant Åslaug Sem-Jacobsen

Henrik Ødegaard (1955-)

«Klarhet fin»

Hardingfele: Vegar Vårdal

Arvo Pärt (1935-)

«For Alena»

Piano: Dorina Komani

Arvo Pärt (1935-)

«Spiegel im spiegel»

Fiolin: Johanne Haugland

Piano: Dorina Komani

Martin Ødegaard (1983)

«Myllarguten, Griegen osv.»

Fiolin: Sara Övinge

Fiolin: Johanne Haugland

Bratsj: Eivind Holtmark Ringstad

Cello: Ivan Valentin

Hardingfele: Vegar Vårdal

Piano: Øyvind Sundsvalen

Nils Henrik Asheim (1960-)

«Mikkel rev variasjoner»

Piano: Josephine Hsieh og

Øyvind Sundsvalen

Bela Bartok (1881-1953)

«Contrasts»

1. Verbunkos (Recruiting Dance)

2. Pihenő (Relaxation)

3. Sebes (Fast Dance)

Klarinett: Pierre Xhonneux

Fiolin: Sara Övinge

Piano: Josephine Hsieh

Händel/Halvorsen (1685-1759/

1864-1935)

«Passacaglia»

Fiolin: Sara Övinge

Bratsj: Eivind Holtmark Ringstad



DEN NORSKE KIRKE
Sauherad og Nes sokn



**SAUHERAD
KOMMUNE**

ONSDAG 18. APRIL

Kl.19.00, Seljord kyrkje

Edvard Grieg (1843-1907)

«Eit utval av Griegs slåttar»

Hardingfele: Vegar Vårdal

Piano: Øyvind Sundsvalen

Edvard Grieg (1843-1907)

«Sonate for fiolin og piano

F-dur Op. 8»

1. Allegro con brio

2. Allegretto quasi andantino

3. Allegro molto vivace

Fiolin: Johanne Haugland

Piano: Øyvind Sundsvalen

Martin Ødegaard (1983-)

«Jubileum: Vinje/Grieg-Ferdaminni»

Sang: Stina Steingrim Levvel

Sang: Jørgen Backer

Cello: Ivan Valentin

Piano: Dorina Komani

TORSDAG 19. APRIL

KL. 19.30 Telemarksgalleriet, Notodden.

«Romantiske bilde»

Franz Schubert (1797-1828)

«F moll Fantasie D. 940»

Piano: *Josephine Hsieh og Øyvind*

Sundsvalen

Heinrich Wilhelm Ernst

(1812-1865)

«Variasjoner over «The Last Rose of Summer»»

Bratsj: *Eivind Holtsmark Ringstad*

Alexander von Zemlinsky

(1871-1942)

«Klarinett trio op. 3»

1. Allegro ma non troppo

2. Andante

3. Allegro

Klarinett: *Pierre Xhonneux*

Cello: *Ivan Valentin*

Piano: *Dorina Komani*



GOlink



FREDAG 20. APRIL

Kl.19.00 Ibsenhuset, Skien. «Frå operaens verden»

Tradisjonelt

«Ungarsk medley»

Pablo de Sarasate (1844-1908)

«Carmenfantasi Op. 21, 1. sats»

Solist: Linus Nord-Varhaug

Benny Andersson (1946-)

«Klinga mina klockor»

Skien og Porsgrunn kulturskoleorkester

Dirigent: Nicolae Bogdan

Elevar frå musikklinja ved Skien vgs.

- TBA

«Stina og Jørgens favorittarier»

Sang: Stina Steingrim Levvel

Sang: Jørgen Backer

Piano: Dorina Komani



Telemark kulturnettverk



SKIEN KOMMUNE

LAURDAG 21. APRIL

Kl.13.00 Villa Lunde, Lunde. «Lunsjkonserert»

Zoltan Kodaly (1882-1967)

«Duo for fiolin og cello, op. 7»

1. Allegro serioso, non troppo

Johan Halvorsen (1864-1935)

«Passacaglia»

Duo Dynamo -midgardprisvinnar

Fiolin: Martha-Pil Evertsen neumer

Cello: Hedda Lydianna Aadland

Johannes Brahms (1833-1897)

«Ungske dansar for fiolin og piano»

Fiolin: Sara Övinge

Piano: Dorina Komani

Knut Nystedt (1915-2014)

«Løven gjesper»

Sang: Jørgen Backer

Piano: Dorina Komani

Arne Dørumsgaard (1921-2006)

«Trur eg»

Sang: Jørgen Backer

Piano: Dorina Komani

Joseph Haydn (1732-1809)

«Strykekvartett, op. 33, nr. 2 Spøken»

1. Allegro moderato

2. Scherzo: Allegro

3. Largo

4. Presto

Fiolin: Sara Övinge

Fiolin: Johanne Haugland

Bratsj: Eivind Holtsmark Ringstad

Cello: Ivan Valentin

Francis Poulenc (1899-1963)

«Klarinettsonate FP184»

1. Allegro tristamente (Allegretto - Très calme - Tempo allegretto)

2. Romanza (Très calme)

3. Allegro con fuoco (Très animé)

Klarinett: Pierre Xhonneux

Piano: Josephine Hsieh

LAURDAG 21. APRIL

Kl.19.00 Gullbring kulturanlegg, Bø. «Familiekonsert»

Wolfgang Amadeus Mozart
(1756-1791)

«Symfoni nr. 7, 1. sats»

Telemark ungdomssymfoniorkester
(TUSO)

Dirigent: Wiggo Dahl/Trond Villa

Georges Enesco (1881-1955)

«Cantabile et presto»

Fløyte: Marie Tveter

Pablo de Sarasate (1844-1908)

«Zigeunerweisen op. 20»

Fiolin: Audun Rørmark

Reinholdt Gliere (1875-1956)

«Op. 39, Cradle song»

Duo Dynamo –

Fiolin: Martha-Pil Evertsen Neumer

Cello: Hedda Lydianna Aadland

Johan Halvorsen (1864-1935)

«Passacaglia»

Duo Dynamo –

Fiolin: Martha-Pil Evertsen Neumer

Cello: Hedda Lydianna Aadland

Wolfgang Amadeus Mozart
(1756-1791)

«Eventyret om Mozart»

Kurator: Martin Ødegaard

Fiolin: Sara Øvinge

Fiolin: Johanne Haugland

Bratsj: Eivind Holtsmark Ringstad

Cello: Ivan Valentin

Klarinett: Pierre Xhonneux

Flygel: Josephine Hsieh

Flygel: Dorina Komani

Flygel: Øyvind Sundsvalen

Bariton: Jørgen Backer

Sopran: Stina Steingrim Level



BØ
KOMMUNE



Bø kulturnettverk

ARTISTBIOGRAFIER


Fiolin



Sara Övinge

(1988) frå Norrköping vert rekna som ei av Skandinavia's mest talentfulle unge musikarar. Ho starta si

karriere som fireåring og gjorde si første soloframføring med Norrköping Symfoniorkester då ho var seks år. Ho studerte ved Kungliga musikhögskolan i Stockholm og fullførde vidare utdanning ved Norges musikkhøgskole og Royal College of Music i London, som den yngste diplomstudenten nokonsinne. Sara har mellom anna vunne «Lytternes solist» i Sveriges største musikkonkurranse, Solistprisen. Ho vann også Ljunggrenska sin konkurranse for unge musikarar, noko som førde til solistoppdrag med mange av dei fremste symfoniorkester i Skandinavia. I 2014 vart ho tilsett som 2. konsertmeister i Den norske Opera & Ballett, men er no frilansar som kammermusikar og solist, der ho utfordrar seg sjølv i nye spennande musikalske møte.



Johanne

Haugland (1993)

Johanne Haugland er fødd og oppvaksen i Bergen, og begynte å spele fiolin som 4-åring

hjá Britta Skärby Vindenes. Ho blei våren 2017 uteksaminert frå sine bachelorstudier ved Barratt Due Musikk-institutt, der ho har hatt Stephan Barratt-Due som fiolinlærer. I 2013 reiste ho til Venezuela i eit år for å vere del av det anerkjende El Sistema prosjektet i orkesteret Youth Orchestra of Caracas. Ho er ein aktiv kammer- og orkestermusikar, og har dei siste åra opptrått jamnleg med Det Norske Kammerorkester, Oslo Camerata og som vikarierende gruppeleiar i Trondheim Symfoniorkester. For tida er ho elev av Peter Herresthal på masterstudiet ved Norges musikkhøgskole. Ho spelar på ein fiolin bygd av Gabor Draskóczy, generøst utlånt til henne av Dextra Musica.

Bratsj



FOTO: NICOLA LUND

Eivind Holtsmark Ringstad (1994) starta opplæring på fiolin som femåring og gjekk over til bratsj som hovedinstrument ni år

seinare. Han spelar på eit Guadagnini-instrument utlånt av Dextra Musica. I 2012 vann Eivind NRKs solistkonkurranse *Virtuos* og Den Norske Solistpris. Seieren i *Virtuos* førde til at Eivind representerte Noreg ved EBU's konkurranse «Eurovision Young Musicians» i Wien same år, der han vann 1.pris. I 2014 vart han tildelt Statoils talentstipend for unge klassiske utøvarar. I 2016 vart han vald ut til det mest prestisjefylde treningsprogrammet for klassiske musikarar; BBC's New generation Artists Scheme. Han har alt mottatt fleire store prisar som Arve Tellefsenprisen, Øyvind Bergs minnepris, Karolineprisen og Statoil-stipendet. Eivind er ein profilert kammermusikar og solist, og opptrer regelmessig ved festspela i Bergen og ved baroniet i Rosendal.

Cello



FOTO: GERARD SPEE

Ivan Valentin (1989) vaks opp på Nøtterøy og i Oslo etter å ha budd sine første leveår i Stokmarknes i Vesterålen. Han tok

mastergrad i cellospel ved Norges musikkhøgskole i 2014, der han studerte med Truls Mørk og Aage Kvalbein. Han bur for tida i Wien og studerer kammermusikk ved Joseph Haydn Institutt for Kammermusikk. Sidan sommaren 2016 har han spela i strykekvartetten Simply Quartet. Med denne kvartetten har han mellom anna vunne første pris ved Joseph Haydn internasjonale kammermusikkkonkurranse i 2017, første pris ved Casinos Austria Rising Star Award i 2017, og tredje pris ved Trondheim Internasjonale Kammermusikkkonkurranse same året. Tidlegare har han vunne Norges musikkhøgskules kammermusikkkonkurranse to gonger. Han er også aktiv i samtidsmusikk og er medlem av ensemblet Aksiom, som ga ut eiga plate i 2016. For tida studerer han og med Johannes Meissl på Joseph Haydn Institut.

Klarinett



Pierre Xhonneux (1988) er fødd i ein musikalsk familie i Belgia og utdanna seg ved konservatoriet i Namur, Belgia og i Paris med topp

karakterar. Han er ein allsidig musikar som spelar musikk i mange sjangrar, frå mange tidsepokar og med ulike ensemble. Han har vore utøvar både som solist og som ensemblemusikar ved ei heil rekke festivalar rundt om i Skandinavia og Europa elles. I 2009 vart han tilsett som soloklarinettist i Liege Royal Philharmonic Orchestra. Sidan 2015 har han vore soloklarinettist i Oslo Filharmoniske Orkester og vore klarinettlærer ved Barratt Due Musikk institutt i Oslo.

«Å se de blide, smilende, rørte og berørte ansiktene til publikum og kollegaene mine når konserten slutter, er den største gleden jeg har som musiker.»

Klaver



Josephine Hsieh (1987) Ho er fødd i North Carolina LISA, og har utdanninga si frå USA og Noreg. I USA studerte ho på pres-

tisjetunge «College Conservatory of Music» i Cincinnati hjå Eugene Pridonoff, og fekk sin bachelorgrad i utøvande piano. Våren 2012 avla ho diplomeksamen etter studier hjå Håvard Gimse ved Norges musikkhøgskole.

Josephine har deltatt i og er prisvinnar i ei rekke konkurransar i USA, Noreg, Sverige, Italia, og Japan. Ho fekk 1.pris i Conoco Phillips stipendkonkurranse. Ho har spela for kong Harald, kronprinsparet og vore solist med Tine Thing Helseth, Oslo Symfoniorkester, Thomas Søndergård og Kringkastingsorkesteret. Ho har vore solist med Odense Symfoniorkester, med Den Norske Opera og Ballet og optrådt på NRK.

Josephine er ein ettertrakta kammermusikar og har spela på Norsjø Kammermusikkfest frå starten i 2014 og har også spela på m.a. Oslo kammermusikkfestival, og Uppsala kammermusikkfestival.



Dorina Komani

(1989) Dorina vart fødd i Tirana, Albania. Som fem-åring starta ho å spele piano med J Albanias pianostjerne,

Lili Tafaj. Sju år gamal held ho sin første konsert, og alt som 11-åring, i år 2000, kom ho på 2. plass i Tiranans EPTA pianokonkurranse.

I august 2007 kom vendepunktet i karrieren hennar, då ho vart med i det norske TUP-programmet på Norges musikkhøgskole med professorane Leiv Ove Andsnes og Håvard Gimse.

Året etter starta ho bachelorstudia sine, nettopp på NMH, samtidig som ho tok ei utdanning i gamle instrument under professor Liv Glaser. Ho starta masterstudiane sine i 2012 under professorane Håvard Gimse og Wolfgang Plagge.

I mai 2013 vann ho Trondheim symfoniorkester sin talentkonkurranse. I 2013 starta ho som distriktsmusikar i Sogn og Fjordane. I juni 2014 og januar 2015 spelte Dorina i ein barnehage-turné med tittelen «Tangenter på tur» i Oslo og Sogn og Fjordane, organisert frå Rikskonsertane. I februar 2015 spelte Dorina to konsertar i Spania med cellisten Paula Cuesta Redondo. Dorina spelar regelmessig i Oslo under festivalen «Opera til Folket» og er idag ein av dei mest etterspurde pianistane.



Øyvind Sundsvaen

(1982) har utdanninga si frå Musikkonservatoriet i Kristiansand, der han fekk sin bache-

lorgrad som faglærer i klassisk piano under læraren Tellef Juva. Vidare reiste han til Winthrop University i South Carolina og tok ein mastergrad i utøvande piano hjå Dr. Eugene Barban. Våren 2009 fullførde han sin Astist Diploma i utøvande piano på prestisjetunge College Conservatory of Music i Cincinnati Ohio under Elizabeth og Eugene Pridonoff. Same året tok han seg til semifinalen i den internasjonale Griegkonkurransen i Florida.

Han har konsertaktivitet frå Noreg og USA, og har fått rettleing hos pianistar som Liv Glaser, Håvard Gimse, Sigurd Slåttembrekk, Walter Hautzig, Kevin Kenner, Dr.Eugene Barban og Elizabeth Pridonoff. Han jobbar for tida som freelance pianist og er tilsett som lektor ved Hadeland videregående skole.

Hardingfele




FOTO: SIGNE F. LUKSENGÅRD

Vegar Vårdal (1975) er folke-musikar og dansar, busett i Vågå i Gudbrandsdalen. Han spelar både vanleg fele og hardingfele,

og har i tillegg dansen som leveveg. Ut-danninga si har han frå folkemusikk-lina ved Høgskolen i Sør-Aust Noreg, avdeling Rauland, Norges musikkhøgskole og folkedansstudiet frå NTNU i Trondheim.

Han fekk i 2016 Statens kunstnerstipend som også resulterte i soloplatå «Ukvessa slåttar». Vegar spelar i mange ulike konstallasjonar og sjangrar, alt frå jazz via samtidsmusikk, pop og barokkmusikk. Vegar er ein svært allsidig artist og er i tillegg mykje brukt som pedagog. Han underviser jamnleg på Norges musikkhøgskole, landslinja for folke-musikk på Vinstra, Griegakademiet i Bergen/Ole Bull-akademiet, den Fynske Musikkonservatorium og Toneheim folkehøgskole

Bariton



Jørgen Backer (1984) har utdan-ninga si frå Norges Musikkhøgskole og Den norske opera-høgskole, der han tok mastergrad i

2012. Sesongen etter (2012/13) var han praktikant ved den Norske Opera, kor han debuterte i rollen som Falke i Flaggermusen.

Jørgen har etter det hatt fleire roller i operaoppsettingar rundt omkring i landet, og er i tillegg mykje brukt som konsertsolist i inn- og utland med både verdsleg musikk og kyrkjemusikk-repertoar. I 2017 spela han også i ur-premieren på Dracula i Haugesund, ein kammeropera der han sjølv skreiv librettoen.

Sopran



Stina Steingrim Levvel (1984) er fødd og oppvaksen i Fredrikstad og starta musikkut-danninga si ved Musikkonservato-

riet i Kristiansand. Etter avslutta mas-tergrad ved Norges Musikkhøgskole i 2009 gjekk turen til Tyskland og Hoch-

schule für Musik und Theater «Felix Mendelssohn Bartholdy» i Leipzig, der ho tok avgangseksamen med topp-karakter. I løpet av åra i Tyskland tolka Stina roller som 2. heks i Dido og Aeneas av Purcell, 2. dame i Tryllefløyten av Mozart, Lady Billows i Albert Herring av Britten og Rosalinde i Flaggermusen av J. Strauss.

Heime i Noreg har Stina sunge Wellgunde i Lidalnorth sin produisjon av Wagners Rhingullet på Operaen, og Nedda under Oslo Operafestival si oppsetting av Pagliacci. Sommaren 2016 tolka ho rollen som Lisa i Spar-dame av Tjaikovskji ved Opernbühne Bad Aibling i Tyskland. I juni 2017 song ho rolla som 1. dame i Mozarts Tryllefløyten på Fredriksten festning i Halden i regi av Opera Østfold.

Fiolin + Cello




FOTO: ANDREAS FROJIM HAUGSTAD

Duo Dynamo

(2003/2003) består av Martha-Pil Evertsen Neumer (fiolin) og Hedda Lydianna Aadland (cello). Hedda og

Martha-Pil er nå 15 år og har vore elevar ved Barratt Due Musikk-institutt frå dei var 7 år. Duo-en vart etablert då dei 11 år gamle vart tatt opp på Barratt Dues talentutviklingsprogram. Jentene

er aktive kammermusikarar, er faste medlemmer i Barratt Dues Junior-orkester og har mellom anna vore på turne i Sør-Korea og Portugal. Tre år på rad har dei spela med Oslo Filharmonien/Ung Filharmonien. Duo Dynamo har vunne 1. pris i konkurransen Jugend Musiziert (Tyskland) og 1. pris i Midgardskonkurransen. Duo-en har nyleg også vunne 1. pris i UMM 2018 i både regional og nasjonal konkurranse. I tillegg til å opptre i utlandet skal duo-en i år opptre på fleire festivalar i tillegg til Norsjø kammermusikkfest.

Komponist, utøvar



Martin Ødegaard

(1983) er frå Sauherad og har studert folkemusikk ved Rauland (HiT) og komposisjon ved Norges Musikk-

høgskole med m.a. Bjørn Kruse, Henrik Hellstenius og Lasse Thoresen som lærarar. Verk av Martin er alt framførde av m.a. Oslo Sinfonietta, Athelas Sinfonietta, Copenhagen kringkastingsorkesteret, Schola Cantorum og det Norske Solistkor. Han har jobba mykje med scenemusikk og prosjekt knytta opp mot folkemusikk. I åra 2012-2014 mottok han Statens arbeidsstipend.

SPONSORAR

Vi takkar dei lokale sponsorane våre:

Aarnes kafeteria
Epleblomsten AS
Gvarv bakeri AS
Evju bygdetun
Coop Prix, Gvarv
Sparebank 1 - Notodden
Revisorteam Midt-Telemark AS
Norsjø arkitekter AS
Optiker Torstein Nyhus AS
Roxy kaffebar AS
Pizzabakeren, Bø
Blomsterstemning AS
Holtanklinikken AS
SpareBank 1 - Telemark
Tveito Maskin AS
Seljord Elektriske AS
Seljord folkehøgskule
Bø Brød
Millba AS
Sagavoll folkehøgskole
Holtskog Nyhuus Design ANS



Gullbringvegen 34, 3800 Bø

www.norsjokammermusikkfest.no
facebook.com/norsjofestival

**Billetter kjøpast på konsert-
stadene 1/2 time før konsertstart
eller:**

For konserten i Ibsenhuset:

Ibsenhuset
www.ibsenhuset.no
tlf. 3590 5490

For dei andre konsertane kan du
reservere/kjøre billett i

Gullbring kulturanlegg
www.gullbring.no
tlf. 3506 0390

*Bill. kr 250 eks. avgift.
Barn og ungdom t.o.m. 19 år
kjem gratis inn.*

Velkommen!